



Tekst & musikk  
**FREDDIE  
LANGRIND**

## FOLKESNAKK

*Slagsmålet mellom Otte og Ole,  
og resultatet av det, vart ivrig omsnakka*

**JENTE (skeptisk, hoverande):**

Meister Otte har trudd seg som storkaren sjøl,  
han tek til seg allting her,  
men på primstaven skjilast på djevel og døl,  
der står sanninga slik som han er!

Høyr og lær, ja høyr og lær!

**DRENG (ophissa):**

Dei slo, dei to, med dyrisk klo,  
ein nevekamp på kjøtt og blod.  
Men kven er best og kven er størst,  
og kven av dei slo først?  
Dei slo og skreik, for kven er bleik?  
Dei karska seg i djevelsk leik!  
Men kven har rett? Dei veit det knapt  
før ein av dei har tapt!

**JENTE (skeptisk, hoverande):**

Og på primstaven står det eit underleg riss,  
eg trur mest det er hinmannens ljå,  
han som ber si forkledning som smarting og rugg  
for å knuge og herske og rå.

**DRENG (oppissa):**

Når Otte slo så slo han hardt  
og Rasmus-Ole gjekk i svart,  
ein nevekamp med trikk og knep  
og gruelege grep.  
To stolte menn frå same grend,  
den eine fell, den andre stend.  
Men kven har rett? Dei veit det knapt,  
og både to har tapt!

**JENTE (skeptisk, hoverande):**

For ei merkeleg hending ein knapt kan forstå,  
at ein sigar blir tyngande tap,  
eg ser lagnaden ramme og undrar meg på  
korleis Otte kjem unna med drap ...